



BOKN KOMMUNE
Boknatunvegen 37
5561 BOKN

Kontakt saksbehandlar
Kirsten Redmond Kristiansen, 51568777

Høyring - Søknad om utslepp av anleggsvatn til sjø, Rogfast Enterprise E04 Boknafjordtunnelen - Statens vegvesen Region vest - Utlegging til offentleg ettersyn.

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.

Frist for kommunen sin uttale er 9 veker.

Fylkesmannen i Rogaland mottok søknad frå Statens vegvesen Region Vest (SVV) den 13.06.2019 om løyve etter forureiningslova til utslepp av anleggsvatn frå tunneldriving og permanent utslepp av innlekkasjevatn i driftsfase til sjø ved Arsvågen i Bokn kommune.

Kort orientering om tiltaket:

Søknad om utslepp:

Type utslepp:

Reinsa anleggsvatn frå tunneldriving og frå anleggss-/riggområder. Innlekkasjevatn og reinsa vaskevatn frå tunnel til sjø i driftsfase.

Søknaden gjeld:

Etablering av utsleppspunkt sør for Solholmen/eksisterande molo ved Arsvågen og ved Lauplandsholmen. Utslepp av vann i driftsfase.

Planlagt avbøtande tiltak:

Reinsing i sedimentbasseng med oljeutskilar. Overvaking og kontroll av vassmengda og kvalitet, utsleppskskrav.

Utsleppspunkt:

Sør for Solholmen/eksisterande molo ved Arsvågen, på 15 meters djup. Søraust for Lauplandsholmen på 25 meters djup.

Planlagt oppstart av entreprisen er våren 2021, og forventa varigheit er ca. 5 år. Innlekkasjevatn og reinsa vaskevatn er permanente utslepp så lenge tunnelen er i drift.



Bakgrunn/søknad

E39 Rogfast er eit stort samferdselsprosjekt som skal inngå i eit ferjefri samband langs vestlandskysten for blant anna å binde Nord- og Sør-Noreg saman. Enterprise E04 består av ein 27 km toløps tunnel, Boknafjordtunnelen, frå Harestad i Randaberg kommune til Laupland i Bokn kommune, samt ein ca. 4 km lang tunnelarm til Kvitsøy. Det skal være dagssonar på Kvitsøy, ved Laupland og på Harestad. E04 omfattar driving av Boknafjordtunnelen Nord mot Kvitsøy til enterprisegrensen E04/E02, etablering av dagssone og utfylling i sjø ved Arsvågen. SVV fekk i 2017 løyve til mellombels utslepp av anleggsvatn i samanheng med utbygging av sidetunnel for Boknafjordtunnelen, entreprise E13 (ref.: 2017/10127). Utsleppspunktet i Arsvågen sør for Solholmen vart då etablert og skal og brukast i detta prosjektet, entreprise E04.

Det vert no søkt om løyve til utslepp av reinsa anleggsvatn til sjø frå tunneldriving og frå anleggs- og riggområdar. Vatnet skal reinsast i eit reinse-anlegg før utslepp til sjø. Vidare er det søkt om utslepp av tunnelvatn i driftsfase, som vert samla i vegsluk med sandfang og vert leia inn i dedikerte «reinsehallar» med oljeutskilar og sedimentbasseng, før det vert blanda med reint innlekkasjenvatn før utslepp til sjø. Tunnelvatn frå Laupland skal først saman med anleggsvatn frå dagsona i rør langs Arsvågen ut til sjø ved Lauplandsholmane.

Gjennomsnittleg utsleppsmengda er berekna til 48 l/s frå tunneldrift (vassmengda på borerigg), innlekasje frå berg og påbora vann. I drivefasen er parameterane nitrogen, høy pH, tungmetalla, suspendert stoff og organiske forbindelsar rekna for å vera dei viktigaste når det gjeld forureining. Alt anleggsvatn skal samlast opp og vert reinsa i sedimentterings-basseng med oljeutskilar før utslepp til sjø. Vassmengda og -kvalitet skal verte overvaka og kontrollert, og det er utarbeidd eit overvakningsprogram med føreslegne utsleppskrav. Endelig utforming/val av reinsemetode vert gjort av entreprenøren, men vedtekne krav skal fyllast opp.

Utsleppspunkta søraust for Lauplandsholmen vil vera på ca. -30 meter djup, kor anleggsvatn og vaskevatn frå driftsfase vert slept ut. Utleppspunkta i Arsvågen er etablert sør for moloen frå Lakseberget og ut til Solholmen på ca. -15 meters djup. Her vil reinsa tunnelvatn frå driving av tunnelen og reinsa anleggsvann frå rigg/verkstadområdet ved Arsvågen sleppast ut. Dei to utsleppspunkta er forventa å gi god innblanding i sjø og ikkje føra partiklar til oppdrettsanlegg.

Fylkesmannens merknadar

Tiltaksområdet tilhøyrar vassførekomsten «Boknafjorden» som er klassifisert som moderat eksponert kyst med god økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand.¹

I følgje Temakart Rogaland² er utsleppspunkta i nærleiken av ein stortare-tareskog med verdi A, «svært viktig». Tareskogen liggar nær eit kjent gytteområdet for torsk som aukar førekommstens verdi. Mellom dei to utslippspunkta er det registrert skjelsand med verdi «svært viktig». Det er registrert viktige gytteområde for torsk og sild i nærleiken av utslippspunkta. Nord for Lauplandsholmen er det lokalisert eit oppdrettsanlegg for kommersiell matfisk. Det er antatt at det er lite sannsynleg at fisken her vil bli påverka av utslepp i driftsfasen. I anleggsfasen vil anlegget bli flyttet lengre nord i Boknafjorden og vil dermed ikkje påverkast.

I eit eventuelt løyve vil Fylkesmannen blant anna setja krav om internkontroll, støykontroll og beredskapsplan. Det kan blant anna vera aktuelt å setja ytterlegare krav til avbøtande tiltak.

¹ Vannnett.no

² Temakart-rogalaland.no



Søknaden vil bli behandla i.h.t. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensingslova) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven».

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørger for kunngjering i Haugesund Avis. Kunngjeringskostnadane skal dekkast av søkjar. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

Utlegg til offentleg ettersyn

Søknaden vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i Bokn kommune, Bokatun, 5561 Bokn, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettseite www.fylkesmannen/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte kan sendast Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er sett til 9 veker frå kunngjeringsdato.

Vi ber kommunen i same tidsrom å hente inn nødvendige uttaler frå eigne organ så langt ein finn det hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner m.v. for området.

Kommunen sin uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som ligg ved, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi anbefala at kommunen føretak ein communal sluttbehandling i et organ som kan gi ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Sunniva Røyneberg
praksisstudent

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Kunngjeringstekst
- 2 Søknad - E04, Boknafjordtunnelen - Statens vegvesen Region vest

Kopi til:

STATENS VEGVESEN LEIKANGER
KONTORSTED

Askedalen 4 6863 LEIKANGER